



Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Dato: 31.08.2015
Vår ref.: 2015/8210-2
Saksbehandlar: monsera
Dykkar ref.: 15/2109 - 15/14760

Varsel om kulturhistorisk synfaring - søknad om bygging av skogsbilveg på Ådland, for Gbnr. 36/1, 36/3, 36/55, 56/4, 56/12, 56/13, 56/14, 56/15 og 56/16 - Meland

Viser til brev datert 29.07.2015 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innafor det aktuelle arealet. Om lag 50 m nord for snuplass på enden av den planlagde landbruksvegen, ligg ei gravrøys frå bronsealder/jernalder (Askeladden id. 25513). Ut frå potensiale for nye funn i dette området, må vi gjennomføre ei synfaring før vi kan gje endeleg fråsegn i saka. Ved synfaringa vil ein ta stilling til om det er naudsynt med ei arkeologisk registrering, jf. kulturminnelova § 9. Synfaringa vil verte gjort så raskt som råd.

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.